

Saksfremlegg

Sak 4 - Grønn omstilling utfordrer flåten

Fiskerinæringa er produsentar av sunn og miljøvennleg mat. Likevel står skipsfarten, inkludert fiskebåtar, for vesentleg bruk av bunkers, og dermed òg klimagassar. Myndigheitene, og samfunnet, både krev og forventar at fiskerinæringa må ta sin del av omlegginga til det grønne skiftet.

Avgifter har som formål å gje staten inntekter, men blir òg brukt til å få folk som eit effektivt middel til å endra åtferd.

Miljøavgifter har til formål å redusera mengda utslepp, og slike avgifter er komne for å bli.

I år er CO₂-avgifta auka, og unntaket for fiske i fjerne farvatn er oppheva. Alt dette fører m.a. til omfattande bunkring i utlandet, noko som igjen kan føra til færre arbeidsplassar og bunkersanlegg langs kysten. Ikkje minst fører avgiftsmotivert bunkring i utlandet til at båtar går omvegar for å bunkra drivstoff utan CO₂-avgift. I slike høve fører CO₂-avgifta til høgare utslepp, og avgifta kan såleis virka mot siktemålet med avgifta. Avgifta kan òg medføra at meir norsk fisk blir landa i utlandet.

Pelagisk Forening har jobba for å unngå uheldige skadeverknadar av avgifter. Det er eit problem at det er avgifter, på bunkers, utan at det er alternative drivstoff egna for fiskeflåten sitt varierende driftsmønster.

NOx-avtalen gjev tilslutta reiarlag fritak frå avgiftsplikt mot at dei betalar inn til fondet, og der innbetalt avgift går til å redusera utslepp av NOx. Utslepp av NOx fører til lokal forureining og sur nedbør, men NOx er i liten grad ein gass som fører til global oppvarming. Lokal forureining, av NOx, kan vera eit problem i område med tett busetnad, men er ikkje eit problem der fiskebåtar ferdast. Slik sett kunne truleg avgifta gitt betre miljøvinst på andre måtar. Samstundes er det positivt at avgifta blir brukt til støtte til miljøfremjande tiltak, og ikkje berre er ei fiskal avgift.

CO₂-avgifta går inn i statskassa. Samstundes løyver staten støtte til refusjon av avgift. Refusjonssystemet er slik at graden av støtte varierer etter kor mykje bunkers den enkelte båt har brukt, og kor store fiskeriinntekter båten har. For ringnot er det døme på at refusjon er på 30-35 % av betalt avgift.

Det er ingen automatikk i graden av refusjon, og det er sannsynleg at løyvinga vil bli redusert i åra framover.

Ved grøn omstilling er blir det ikkje alltid sett på det totale biletet. Fisk er mat med svært lågt utslepp av klimagassar per kg. I ytste konsekvens kan avgifter føra til at marginale fiskeri blir avvikla, og at miljøvennleg fisk blir erstatta av mat produsert med vesentleg høgare utslepp av klimagassar.

Fiskeridirektoratet har uttalt at klima skal få større vekt i fiskerireguleringane, og reguleringsmøtet våren 2025 er via klimaomsyn i fiskerireguleringane. Dvs. at reguleringar truleg vil bli endra slik at kvotane skal fiskast med minst mogeleg utslepp av klimagassar.

Strukturering har ført til færre båtar, men båtane har blitt større og fått større motorar. Større motorar som brukar meir bunkers fordi dei er større.